

Norconsult AS v/Arne Kringlen
Postboks 514
6803 Førde

Tilleggsmerknad til planprogram for Øksnesmarka

Sterkt trua naturtypar og artar

I uttale til kommuneplanen datert 11.01.19 skriv Fylkesmannen i Hordaland (våre uthavingar):

«Øksnes må klassifiserast som eit naturområde av **nasjonal verdi**. I alle fall delar av området inngår som **kystlynghei som er ein sterkt trua (EN) og utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52**. Reglane for utvald naturtype av naturmangfaldlova § 53 gjeld også førekomstar som ikkje endå er kartlagde og registrerte inn i naturbase.

Ut frå flyfoto og anna kartgrunnlag, kan det sjå ut til at det i tillegg kystlynghei er areal som kan klassifiserast som naturtype **naturbeitemark (VU-sårbar)**. Typisk er det ein naturtype som inngår i **mosaikken med kystlynghei, myr og våtmark**. Det er ofte mange **beitemarksoppar** knytt til naturbeitemarkene. Mange av desse artane er trua. Det er stort potensiale for slike naturverdiar i planområdet.

Det gjeld også den **trua naturtypen kystnedbørsmyr og/eller rikmyr (EN)** som er ein del av denne mosaikken. Det meste av myr i Europa er drenert og øydelagd. Det er i Noreg vi har dei fleste intakte førekomstane og dermed dei mest verdifulle nedbørsmyrane. Såleis har vi eit særleg forvaltingsansvar for naturtypen. Dei siste åra har regjeringa også satt av ressursar til å restaurere myrar som allereie er drenerte både i eit klimaperspektiv og for å betra levekåra for arts mangfaldet. Ein stor del av myrområda i låglandet i Norge er allereie drenerte og øydelagde. Såleis vert det også i dette perspektivet særleg viktig å ta vare på variert mosaikk med trua natur representativt for kystnaturen i Austrheim og Nordhordland.

Det er i løpet av 2016 og 2017 gjort fleire funn av **den sterkt trua (EN) sommarfuglen breibandpraktviklar** innanfor planområdet. Arten er svært sjeldan på Vestlandet og er knytt til llynghesi og planta kusymre hjå oss. Basert på artsfunn registrert i Artskart er det mykje som tydar på at planområdet utgjer **eit tyngdepunkt for utbreiinga i Norge**. Området er ein av to registrerte førekomstar i Hordaland og **den nordlegaste for arten i Norge**. Fordi breibandpraktviklaren er sterkt trua og Øksnesmarka er ein særleg viktig levestad for arten, vert førekomstane her særleg viktige om vi skal nå forvaltingsmålet om å sikre arten på lang sikt i Norge jf naturmangfoldlova § 5 om forvaltingsmål for artar.

Konsekvensen av ei utbygging av næringsområdet på den sterkt trua breibandpraktvikfarene og sannsynlege førekomstar av dei trua naturtypane kystlynghei, kystmyr og naturbeitemark, vil vere ei **øydelegging av desse nasjonalt viktige naturkvalitetane.**»

Vidare:

«Det er mange nasjonale omsyn som gjer seg gjeldande på tema som naturmangfald, friluftsliv og strandsone. I eit regionalt perspektiv er **behovet for eit næringsareal her lite dokumentert** jf. KU.»

Naturvernforbundet vil peika på at i tillegg til registreringane av **sterkt trua** kystlynghei, rikmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar, blei det våren 2022 observert hekkande **svartstrupe (EN)** i Øksnesmarka. Minst to ungar og foreldreparet blei ved fleire høve sett like ved den planlagde industrivegtraséen.

Dessutan er oppvandring av sterkt trua **ål i Teinelva** høgst sannsynleg.

Gamle og nye observasjonar i influens- og tiltaksområdet opnar for mistanke om fleire trua og sterkt trua artar enn dei som er observerte og registrerte.

Med bakgrunn i føre var-prinsippet og dei observasjonane som er gjort, krev Naturvernforbundet at tiltaket i N18 vert skrinlagd slik òg Fylkesmannen (Statsforvaltaren) sin argumentasjon byggjer opp om.

Subsidiært må planprogrammet gje tydelege føringar for grundige undersøkingar i marka, primært over to år. Særleg viktig blir kartlegging av N18, som er lite undersøkt, men som har store område med kystlynghei, kystmyr og våtmark med tilhøyrande sårbare artar.

Slike undersøkingar vil vera heilt i samsvar med Fylkesmannen (Statsforvaltaren) sin endelege uttale til kommuneplanen i 2019 der han ikkje automatisk opnar for tiltak i N18, men i forslag til føresegn tvert om signaliserer at eit høgt konfliktnivå kan stoppa regulering og utbygging:

«Næringsområdet Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging».

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland